

FLORA & FAUNA

HÅKJERRINGA

VEIT DU KVA SOM FINST I NORSKE HAVOMRÅDE? EIN HAI SOM KAN BLI JAMSTOR MED EIN KYITHAI!



HÅKJERRINGA ER VANLEGVIS 3-4 METER LANG, MEN HO KAN BLI OPPTIL 7,5 METER

OI! ER HÅKJERRINGA FARLEG FOR OSS?

HO LEVER PÅ DJUPT VATN, 200-600 METER, SÅ DET ER IKKJE OFTE VI FÅR SJÅ HO. FAKTISK KAN HO GÅ HEILT NED TIL 2200 METER

OSS →

50m

100m

200m

HÅKJERRING

HÅKJERRINGA VEKS LANGSAMT OG ER EIN LANGSAM HAI. DET LATINSKE NAMNET SOMNIOSUS TYDER DEN SØVNIGE

HI HI!
TREINGING!

HO ET DET MESTE, TIL DØMES FISK OG SEL. SELEN SYM RASKARE, MEN HÅKJERRINGA KAN TRULEG FANGE SELEN NÅR HAN LIGG OG SØV

KOR LEVER
HÅKJERRINGA?

I DET
NORDLEGE
ATLANTERHAVET

FØR VART HO FANGA FOR
LEVRA. NO ER DET USIKKERT
KOR MANGE HÅKJERRINGAR
SOM FINST. MEN DET HENDER
AT SPORTSFISKARAR FÅR
HO PÅ KROKEN

KJØTET ER IKKJE GODT
FERSKT, MEN PÅ ISLAND ET
DEI HÅKARL, HÅKJERRING
SOM ER TILLAGA PÅ EIN
SÆRSKILD MÅTE

FORSKARAR HAR REKNA SEG
FRAM TIL AT EI HÅKJERRING KAN
BLI 500 ÅR. TENK DEG EI
HÅKJERRING FØDD
PÅ 1500-TALET.

EIN MELLOMALDER-
HAI!

TENK OM EI 500 ÅR GAMMAL
HÅKJERRING KUNNE FORTELJE...

NO SKAL DE HØYRE, UNGAR-
DA EG VART FØDD I 1519
VAR DET ANDRE TIDER...

EH2019

KIELDE: SMI.NO